

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. mai 2013.**

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Halvor Homme, Erik Skjervagen, Hans Bakke, Britt Houge, Tor Eivind Erikstein, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Solveig S. Abrahamsen og Arne Vinje hadde meldt forfall til møtet.

Vest-Telemarkrådet opna rådsmøtet med å markere 100 - årsjubiléet for kvinnenes stemmerett i Noreg. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen var tilstades og kåserte om bakgrunnen for jubiléet. Ho skildra på ein levande måte utviklinga i samfunnslivet og fortalde om kvinnene som kjempa fram retten for 100 år sidan og streka under kva betydning denne kampen har hatt for vårt land. Noreg vart det tredje landet (etter Finland og Australia) i verda som innførte ålmenn stemmerett.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 22/2013 Referat frå rådsmøte 19. mars 2013.**

Det låg føre eit korrigert forslag til referat frå rådsmøtet 19. mars.

Under sak 21/2013 Orienteringssaker pkt. om psykolog-tenesten var det i det tidlegare utsendte forslaget feilformuleringar som tilsa at den felles interkommunale psykologtenesten skulle vidareførast. Dette var feil referert, og var retta i saksdokumenta til dagens møte.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det korrigerede referatet slik det går fram av saksdokumenta.*

### **Sak 23/2013 Entreprenørskap i skulen, status i Vest-Telemark.**

Rådgjevar Geir Morten Johansen frå Telemark fylkeskommune orienterte innleiingsvis om entreprenørskapsarbeidet i fylket. Han kom mellom anna med oppfordring om å nytte Ungt Entreprenørskap (UE) som samarbeidspart i entreprenørskapsarbeidet.

Vidare orienterte Svein Henriksen frå arbeidet innan etablerertenen i regionen, mellom anna om samarbeidet med UE. Det vart frå Henriksens side signalisert ynskje om fleire tiltak, mellom anna tilråding om å få dette inn i avtalene mellom Telemark fylkeskommune og dei enkelte kommunane.

Tilstades i møtet var også Kerstin Laue frå NHO Telemark. Ho var prosjektleiar for prosjektet " *Entreprenørskap frå barnehage til vidaregåande skule*", som hadde oppstart i 2003. For 8 år sidan var Vest-Telemark "best i verden", men har ikkje lenger same status iflg. Laue.

Kerstin Laue foreslo "rolle-modellen" som skreddersydd opplegg for Vest-Telemark i det vidare entreprenørskapsarbeidet.

Frå rådmennene låg det føre ei kort oppsummering omkring dagens aktivitet innafør entreprenørskaps-arbeidet i regionen.

Kerstin Laue orienterte avslutningsvis om prosjektet jobb-avis , der Kviteseid kommune har gjennomført dette.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Det er ynskje om å vidareføre entreprenørskapsarbeidet i regionen, og ein vil vurdere nærare på kva måte dette kan gjerast. Temaet kjem opp att på eit seinare møte.*

### **Sak 24/2013 Postombering i utkantstrok.**

Det låg føre brev frå advokat Johan Henrik Frøstrup, som på vegne av Harald Omnes med fleir, spør Vest-Telemarkkommunane om garanti for sakskostnader i samband med mogleg anke frå Staten/Postverket i postomberingssaken.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev garanti for inntil kr 200 000,- i ein mogleg ankesak.*

*Midlane vert disponert frå grunnfondet. Ein oppmodar Midt-Telemarkrådet om å stille tilsvarande garanti.*

### **Sak 25/2013 Sykkelrute Telemarksvegen og andre sykkelmoglegheiter i Telemark. Utsett sak.**

Øyvind Tveit orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken og arbeidet som er lagt ned for å få til sykkelrute langs Telemarksvegen.

Henrik Duus frå Statens vegvesen var tilstades og orienterte om moglegheiten for å sette denne sykkelruta inn i ein større samanheng. Mellom anna viste Duus til kva som blir gjort på andre kantar av landet.:

- samarbeid mellom hotell og andre
- velge ut og kvalitetssikre tilbod
- felles marknadsføring
- samarbeide omkring utvikling av sykkelstrekningar

Duus viste også til svaberga i området Treungen/Gautefall, der det frå naturens side ligg vel til rette for flotte sykkel-opplevingar.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande, og ynskjer å sjå nærare på korleis dette kan utviklast vidare.*

### **Sak 26/2013 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2012.**

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2012.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2012 til framlegging og endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget.*

**Sak 27/2013 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 12. juni 2013.**

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for Vest-Telemarktinget 12. juni 2013.*

**Sak 28/2013 Evaluering av Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.**

Det låg føre oversikt over dei enkelte tiltaka Strategisk Næringsplan med tilråding frå næringsgutta gjeldande kvart enkelt tiltak.

*Vedtak: Ein vidarefører / tek ut enkelt-tiltaka i Strategisk Næringsplan etter fylgjande modell:*

- 1-1 Bulyst : Tiltaket vert vidareført og sekretariatet i VTR fylgjer opp tilrådinga frå næringsgruppa. Ny utførar vert VTR.*
- 1-2 Telejobb: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.*
- 2-1 Digitale fellessatsingar i Vest-Telemark: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.*
- 2-2 Felles reiselivsprogram for Vest-Telemark : Tiltaket vert vidareført i tråd med framlagt skisse frå arbeidsgruppa. Det er ynskjeleg at reiselivsgruppa er involvert i det vidare arbeidet.*
- 2-3 Vandreregionen: Tiltaket vert vidareført.*
- 3-1 Vest-Telemark Invest AS: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.*
- 3-2 Ung bedrift: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.*
- 3-3 Næringscluster - Vest-Telemark: Prosjektet vert vidareført. VTR står som eigar av tiltaket, medan prosjektansvar og prosjektleiing vert lagt til Vest-Telemark Næringsforum. Vedtak om vidareføring medfører ikkje at ein løyver midlane som skissert i finansieringsplanen.*
- 3-4 SIVA Næringshage: Tiltaket vert vidareført i tråd med skissa frå næringsgruppa.*
- 4-1 Breiband: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.*

4-2 Mobilnettet: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.

4-3 Vegen i Vest-Telemark: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.

4-4 Høgfartsbane over Haukeli: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.

### **Sak 29/2013 Ny regional strategi for folkehelse i Telemark 2012 - 2016**

Ny regional strategi for folkehelse i Telemark er under utarbeiding. Geir Møller frå Telemark fylkeskommune var tilstades og orienterte nærare om arbeidet.

Endeleg høyringsutkast vert sendt ut 1. juli med høyringsfrist 1.oktober.

Dette er også tenkt inn i avtalene mellom fylkeskommunen og kommunane.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Medlemene av Rådet tek med seg oppfordring om å spele inn forslag til førebyggjande tiltak samt forslag til aktuelle samarbeidsområde.*

### **Sak 30/2013 Forslag til opplegg for markering av 20-årsjubiléet til VTR.**

Det låg føre tilbod frå Olav Mosdøl om utarbeiding av eit festskrift i storleik 50 - 60 sider til ein pris av kr 65 000,- + mva.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet aksepterer tilbodet frå Olav Mosdøl om å utarbeide eit 50-60 siders festskrift i samband med 20-årsjubiléet. Samla pris sett til kr 65 000,- + mva.*

*Kostnadene i samband med festskriftet og ei jubiléumssamling til hausten vert å dekke med midlar frå det generelle disposisjonsfondet.*

### **Sak 31/2013 Forslag til høyringsuttale planprogram for regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 - 2025. Planprogram.**

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale i høve planprogram for regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 - 2025.*

### **Sak 32/2013 Orienteringssaker.**

#### Læringsløpet for dei tilsette.

Ole Dalen orienterte kort om status for prosjektet. I Vest-Telemark har ein prioritert pilot/læringsløp innafor generell sakshandsaming i helsesektoren. Det skal tilsetjast prosjektmedarbeidarar og utviklast læringsløp i regi av prosjektansvarleg/fagnettverk.

#### Friluftsråd.

Rådgjevar Ole Bjørn Bårnes orienterte kort om saken. Fylkeskommunen avventar mellom anna oppretting av friluftsråd i Grenland, og Bårnes meiner at også kommunane i Vest-Telemark har behov for ein slik organisasjon. Telemark Fylkeskommune har stilt kr. 50 000,- til disposisjon for eit forstudie som FAUN er engasjert til å gjennomføre.

#### Busstilbodet Brunkeberg - Arendal.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort om den komande anbodssituasjonen innafor kollektivtrafikken i Aust-Agder.

Telemark Bilruter har søkt om gjennomgåande konsesjon på strekning Brunkeberg – Arendal, og inviterer til samarbeid med fylkeskommunen om kjøp av rutetenester som alternativ til bruttoanbod. Vest-Telemarkrådet, saman med Åmli kommune, har i brev av 22. april rådd til at eit slikt samarbeid blir oppretta.

#### Kort frå møtet i fylkestinget 16. april.

Torstein Tveito og Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort frå møtet. Av særskilt viktige saker for vår region vart nemnd vidareføring av Telemark Interkommunale Næringsfond, arbeid for helikopterbase i Telemark samt forskottering av kostnader på E134 i Grungedal.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes